



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Att. Trude Helen Flåten
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref: (oppgjø ved kontakt)
2015/4172 - 19716/2016

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Bård Eikeset,
tlf: 57839553

FØRDE,
04.07.2016

Vedk. valrett til bustadstiftingane ved sjukehusa i Førde, Eid og Lærdal

Vi viser til tidlegare kontakt om saka, seinast møte mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og Helse Førde (HF) den 9.6.2016.

Bakgrunnen er vedtaket gjort av fylkestinget i sak 35/15 kor valretten for styra i desse tre bustadstiftingane er vedteke overført frå SFFK v/fylkesutvalet til vertskommunane og Helse Førde på den måten at kommunane peikar ut 2 styremedlemmer og HF eit styremedlem for alle dei tre stiftingane. HF er bede om å gje tilbakemelding til SFFK om vi ønskjer retten til å peike ut eit styremedlem.

Som det vart gjort greie for i møtet den 9.6 er det ikkje aktuelt for Helse Førde å takke ja til å peike ut eitt av tre styremedlemmer i dei tre respektive bustadstiftingane. Som grunn for dette vil vi påpeike følgjande:

I vårt brev til Stiftelsestilsynet den 4. mars 2016 ba vi om tilsynets vurderingar knytt til følgjande spørsmål:

1. Kva organ har rett til å vedta eller initiere endringar i vedtektene
2. Er endringane (rett til å velje styremedlemmer) i samsvar med lov om stiftingar
3. Endring av føremål

Uttalen frå tilsynet låg føre 27.5.2016. Uttalen gir ingen konklusjon på spørsmåla som er reist, men legg klare føringar for korleis stiftelseslova er å forstå.

Slik saka står i dag er det særleg problemstillinga knytt til pkt. 2 som er aktuelt. Spørsmålet er i kva grad stiftelseslova legg føringar på kven SFFK kan gje valretten vidare til.

Det avgjerande her vil vere om spørsmålet om valrett vart tillagt vesentleg vekt ved opprettingane av stiftingane. Tilsynet er klare på at det er tilhøva ved opprettingstidspunktet som er avgjerande. Tilsynet har også, på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre, kome til at spørsmålet om valretten har vore vesentleg vektlagt ved opprettingane.



På denne bakgrunn må ei omdanning skje i høve til retningslinene i stiftelseslova § 47 ved at endringa «*så langt som mulig tilpasses det opprinnelige formålet eller det siktemålet som det antas at lå til grunn for bestemmelsen*».

Som vi tidlegare har påpeikt så var SFFK opprettar av stiftingane, ein har sidan opprettinga og fram til i dag hatt det avgjerande ordet m.o.t. styresamansetninga, SFFK var sjukehuseigar og arbeidsgjevar for dei sjukehusstilsette og formålet med bustadstiftingane var å skaffe bustader til sine sjukehusstilsette. Vi er difor av den klare oppfatning at ei endring ikkje må gå lenger enn det opprinnelege siktemålet, og slik sett må ei overføring av valretten gå til den som i dag ivaretar funksjonen som sjukehuseigar og arbeidsgjevar for dei sjukehusstilsette, nemleg Helse Førde.

Etter Helse Førde sitt syn er det uforståeleg kvifor vertskommunane skal tildelast mynde til å peike ut styremedlemmer i bustadstiftingane som har som sitt einaste føremål å skaffe bustader til våre tilsette. Om grunngevinga er habilitetsproblematikk så viser vi til uttalen til Stiftelsestilsynet. Vi er vel kjent med at ei stifting er eit sjølvstendig rettsobjekt og at styrets einaste omsyn er å forvalte stiftinga sine aktiva på beste måte innanfor det vedtektsfesta formål. Det vil sjølvsagt vere heilt utenkjeleg at Helse Førde skulle prøve å påverke styret til å treffe avgjerder på tvers av dette. Vår einaste interesse i dette er at styret er kompetent samansett og i stand til å tilby våre tilsette gode bustader til ein konkurransedyktig pris, noko som er eit heilt avgjerande rekrutteringsverkemiddel.

For det andre finn vi at det er klare ulemper med ein delt valrett til styra. Som eit overordna prinsipp må styret vere sett saman av personar som har kompetanse innan eigedomsdrift. I eit styre på tre betyr dette at ein må søke å få inn personar med tverrfagleg kompetanse. Det vil vere behov for personar med kjennskap til byggfag og bustadmarknader, økonomisk kompetanse m.v. I eit regime der valretten er delt mellom fleire kan ein fort få spørsmål om kven som skal kunne utpeike t.d. økonomen.

Vidare inneheld likestillingslova eit krav om kjønnsrepresentasjon i styret. På same måte som for kompetanse kan ein få opp spørsmål om kven som skal peike ut kvinna/mannen i styret. Ein delt valrett vil difor også vere meir ressurskrevjande enn om heile valretten ligg til same organ.

Helse Førde viser elles til dei innspel vi tidlegare har kome med både overfor SFFK og Stiftelsestilsynet. Vi legg til grunn at desse vert vedlagt i den vidare saksutgreiinga.

På bakgrunn av ovanstående vil vi oppmode SFFK om å revurdere ordninga om delt valrett og i staden overføre den til Helse Førde som i dag har overtatt dei funksjonane som SFFK hadde fram til den statlege overtakinga av sjukehusa. Dette vil vere i samsvar med stiftelseslova § 47.



Helse Førde HF
Administrasjon
Avdeling for internkontroll

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

I motsett fall vil Helse Førde takke nei til retten om å peike ut eit av tre styremedlemmer i dei tre respektive bustadstiftingane. Vi vil likevel forbeholde oss retten til å ta desse spørsmåla opp i samband med ein omdanningssøknad, både i ein uttaleomgang og ei evt. klagerunde.

Med helsing

Jon Bolstad
administrerende direktør

Bård Eikeset
foretaksjurist